Sjumilssteget – Fylkesmannen sitt embetsprosjekt i perioden 2012-2014

Av rådgjevar Line Helen Pedersen Døsen

Foto: Fylkesmannen i Troms.

29. mai 2012 gjekk startskotet for Fylkesmannen sitt embetsprosjekt «Sjumilssteget», som skal bidra til at kommunane i fylket vert meir medvitne på barn og unge sine oppvekstvilkår.

Sjumilssteget – til beste for barn og unge - handlar om å sikre at kommunane betre etterlever FNs barnekonvensjon. Sjumilssteget er ein arbeidsmodell som hjelper kommunane med å konkretisere artiklane i barnekonvensjonen, slik at desse kan brukast til å planlegge og kvalitetssikre tenestene til barn og unge.

Modellen tek utgangspunkt i dei rettleiingsoppgåvene som ligg til fylkesmannsembeta, og vi inviterte kommunane til å gjennomføre ein analyse av dei tenestene som kommunen yter til barn og unge. Fylkesmannen oppmoda om at analysen burde utførast av ei tverrfagleg og tverretatleg gruppe og slik verte ein systematisk gjennomgang av kommunen sine tenester sett i lys av barnekonvensjonen. Resultata av analysen skal kommunane bruke til å setje i verk tiltak som skal sikra at kommunale tiltak for å sikre barns oppvekstforhold vert betre koordinert. På denne måten er barnekonvensjonen eit instrument som kan nyttast i kommunal planlegging for barn generelt, men også for barn som har særskilte behov.

Dei sju stega er:

1. Medverknad (Artikkel 12)
2. God omsorg (Artikkel 18)
3. Særskilt vern og støtte (Artikkel 20)
4. Vern mot overgrep (Artikkel 34 og 36)
5. Fullverdig liv (Artikkel 23)
6. God helse (Artikkel 24)
7. God utdanning (Artikkel 28 og 29)

Til kvart steg har Fylkesmannen utarbeidd kontrollspørsmål i form av ei sjekkliste som kan nyttast til å analysere tenestetilbodet. Denne kan kommunen bruke til å vurdere kvaliteten på dei ulike tenestene, og til å vurdere i kva grad dei ulike tenestene samarbeider om å gi tilbod til barna og familiane.

Medverknad God omsorg Særskilt vern og støtte Vern mot overgrep Fullverdig liv God helse God utdanning

Då fristen for analysen i kommunane var ute hadde nær alle kommunar levert. Kommunane sine statusvurderingar for 2012 blir samla av Fylkesmannen og vil danne grunnlag for seinare oppfølging og samarbeid frå Fylkesmannen si side.

Les meir om sjumilssteget i Sogn og Fjordane:
http://www.tilbesteforbarnogunge.no